
Søkar

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Øystre Slidre folkebibliotek
Institusjonens e-postadresse	bibliotek@oystre-slidre.kommune.no
Postadresse	Bygdinvegen 1985
Postnummer	2940
Poststad	Heggenes
Leiar av institusjonen	
Førenamn	Marit
Etternamn	Karlberg
Telefon	48 036 554
E-post	marit.karlberg@oystre-slidre.kommune.no

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja
tiltaket?

Tiltak

Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Leseglede
------------------	-----------

Mål for tiltaket

Den internasjonale leseundersøkinga PIRLS slår fast at Norge er landet der tiåringane rapporterer om lågast leseglede. Og leseglede er vel nettopp det vi bibliotekarar har som mål å spreie. Å lesa, ikkje for å bli god i eit fag eller nå andre pedagogiske mål, men for å ha glede av boka og lesinga i seg sjølv.

Dette resultatet er dermed ei utfordring for bibliotekarane, og Øystre Slidre folkebibliotek ynskjer å gjera tiltak som kan bøte på dette problemet. Korleis kan vi, heilt konkret, finne måtar å aktivt formidle denne litteraturen, og gleda ved å lesa han, slik at han blir lånt og faktisk lest?

Tiltaka skal gjerast i eiga kommune, men har også som mål å nå dei andre Valdreskommunane gjennom formidling på vår felles heimeside www.valdresbiblioteka.no, og gjennom formidling i avisa Valdres.

Effekten av tiltaka vil vi forsøke å måle ved å nytte den årlege utlånsstatistikken, samt å intervjuje lærarar og barnehagestyrarar.

Beskriving av tiltaket

Utgangspunktet for denne søknaden er å gjera tiltak som skal svare på statsminister Støre sin kronikk i Dagens Næringsliv 28.07.2023: «Vi har et leseproblem i Norge»

Her tek Støre fram resultatata frå dei internasjonale leseundersøkingane PIRLS, som syner at kvar femte norske tiåring har så svake prestasjonar at dei har problem med å lesa ein tekst tilpassa sin eigen alder. Som Støre skriv, er årsaken til dette kompleks og samansett, men han peiker på at Norge er landet der tiåringane rapporterer om lågast leseglede.

Og leseglede er vel nettopp det vi bibliotekarar har som mål å spreie. Å lesa - ikkje for å bli god i eit fag eller nå andre pedagogiske mål, men for å ha glede av boka og lesinga i seg sjølv.

Øystre Slidre folkebibliotek er kombinasjonsbibliotek med ungdomsskulen, og driftar også dei to barneskulebiblioteka i kommunen. Vi har eigne rom til skulebibliotek og 10 % stilling på kvar av dei to skulane. I tre år har vi fått eit ekstra sett med kulturfondbøker til kvar av barneskulane, og vi har søkt om fornya periode i tre år til. Mykje ligg med andre ord til rette, men personalressursane er for små til å få utnytta den ressursen den ekstra tilgangen på kulturfondbøker er. Me rekk kun å drive med innkjøp, tilrettelegge samlinga, rydde og låne ut i dei små stillingane. Det vi saknar er å få tid til den aktive formidlinga.

Korleis kan vi, heilt konkret, finne måtar å aktivt formidle kulturfondbøkene, slik at dei blir lånt ut og faktisk lest? Slik at kvar einskild kan finne fram til si indre leseglede ved å få formidla bøker som

høver nett for dei?

Svaret, håpar vi, kan ligge i å søkje på desse midlane for aktiv formidling, og prøve ut tiltak som vi til no ikkje har hatt ressursar til å gjennomføre. Tiltaka skal gjerast i eiga kommune, men har også som mål å nå dei andre Valdreskommunane gjennom formidling på vår felles heimeside www.valdresbiblioteka.no, og gjennom formidling i avisa Valdres.

Vi vil fokusere på bøker for barn opp til 4.klasse. Dersom tiltaka er vellukka, vil vi prøve å finne rom for å vidareføre desse, og gjerne arbeide vidare med å utvikle tilsvarande tiltak for mellomtrinn og ungdomskule. Vi vil fortrinnsvis søkje kommunen om utvida stillingsressursar ved å vise til dette prosjektet. Dersom dette ikkje lar seg gjera, vil vi vurdere evt omlegging av arbeidsoppgåver eller minske opningstida ved hovudbiblioteket for å kunne prioritere dei av tiltaka som har vore mest vellukka og viktigast å vidareføre.

Ein kan sikkert nytte mange ulike strategiar for å nå målet om auka leseglede, men vi har landa på desse tiltaka, som alle er nye måtar å formidle på for oss ved Øystre Slidre Folkebibliotek:

1. Bruke meir tid til gjennomlesing av kulturfondbøkene, frå dei sju kulturfondpuljene som kjem kvart år. Det er definitivt lettare å formidle noko ein har lest. I samband med gjennomlesinga skal vi også kategorisere barnebøkene ved å sette på sjangerklistremerker på bokryggane. Dette skal brukast i direkte formidling ved å lære elevane til å forstå meir om seg sjølv som lesarar, kva for type bøker dei likar å lesa, og samstundes utfordre dei til å velja bøker frå andre kategoriar.
2. Skrive omtaler av alle kulturfondbøkene, som sendast ut som e-postbrev til lærarar og barnehagar, leggst ut på heimesida til Valdresbiblioteka, og på sosiale medier. Nokre av omtalene skal utvidast slik at dei kan sendast som boktips til avisa Valdres.
3. Filme formidling av utvalde bøker frå kulturfondpuljene og legge dei ut på sosiale medier.
4. Opprette barnehagebibliotek. Besøke dei tre barnehagane i kommunen og formidle utvalde biletbøker frå kulturfondpuljene. Samstundes ha med bokkasser til utlån og heimlån.
5. Halde fram med direkte formidling av kulturfondbøkene på skulebiblioteka, annakvar veke til elevar 1.-4 kl, men no med erfaringa frå dei nye tiltaka i ryggen, slik at formidlinga til den einskilde elev kan bli meir treffsikker, og lesegleda dermed større.

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

Namn	Rogne skule, Lidar skule,
Beskriv samarbeidet	<p>Dersom vi får støtte, vil vi samarbeide med rektorar og lærarar om litteraturformidlinga, på den måten at vi utarbeider formidlingsmateriell som dei kan bruke vidare i undervisninga og direkte til sine elevar, i tillegg til den formidlinga vi gjer sjølve på skulebiblioteka. Vi tenkjer det er viktig at lærarane blir gjort merksame på, og lærer om den nye barneboklitteraturen. Det er ofte slik at dei har lett for å ty til bøker dei sjølve likte då dei gjekk på skulen, og det er ikkje alltid dei bøkene slår like godt an blant dagens barn.</p> <p>Vi vil også samarbeide med lærarane om evaluering av tiltaka.</p>

Namn	Beito barnehage, Heggebø barnehage, Rogne barnehage.
Beskriv samarbeidet	<p>I barnehagane vil vi samarbeide med barnehagestyrarane om å opprette barnehagebibliotek, som vil styrke tilgangen til bøker for småbarnsforeldra. Vi vil også samarbeide om direkte aktiv formidling ved å besøke barnehagane med utvalde biletbøker. Barnehagestyrarane skal også intervjuast for ei evaluering når året er omme.</p>

Budsjett

Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	75 000
--------------------------------------	--------

Beskriving andre inntekter	20 dagsverk frå stillingsressursen ved barneskulebiblioteka.
----------------------------	--

Beløp	60 000
-------	--------

Samla inntekter:	135 000
------------------	---------

Utgifter

Beskriving andre utgifter	7 dagsverk a kr 3000 - Gjennomlesing og kategorisering av kulturfondbøkene, frå dei sju kulturfondpuljene.
Beløp	21 000
Beskriving andre utgifter	7 dagsverk a kr 3000 - Skrivning av omtaler av kulturfondbøkene for barn opp til 4.klasse, som sendast ut som e-postbrev til lærarar og barnehagar, leggast ut på heimesida til Valdresbiblioteka og på sosiale medier. Nokre av omtalene skal utvidast og sendast inn som boktips til Avisa Valdres.
Beløp	21 000
Beskriving andre utgifter	5 dagsverk a kr 3000 - Filming av formidling av utvalde bøker frå dei sju kulturfondpuljene som leggast ut på sosiale medier.
Beløp	15 000
Beskriving andre utgifter	6 dagsverk a kr 3000 - Barnehagebesøk i kvar av dei tre barnehagane, formidling av utvalde biletbøker frå kulturfondbøkene.
Beløp	18 000
Beskriving andre utgifter	20 dagsverk a kr 3000 - Formidling av kulturfondbøker på to skulebibliotek, annakvar veke, direkte til elevar og lærarar.
Beløp	60 000
Samla utgifter:	135 000

Inntekter - utgifter

0